



Det siste nye er sommarblomar planta i ein ovn.

**Uskedalen.no har før skrive om kreative blomedekorasjonar nett utom Eikebrua. No er det kome på plass eit nytt artig blomeoppsett nokre hundre meter innom den same brua, på Nedre Fet. Det er planta sommarblomar i det som har vore kokeplatene i ein ovn. Plantinga tek seg fint ut og skaper merksemd når ein køyrer gjennom bygda.**

Til no har det som sagt vore planta i avskorne og farga bildekk. Magne Eik er den kreative personen som kosar seg med å laga dekorasjonar av bildekk og gjenstandar som elles skal kastast.

Vi kjenner til bygder som brukar planting og logoar medvitne i si markandsføring. Vikebygdkrinsen i Sørfjorden plantar langs riksvegen i fruktkassar. Fruktkassane har sterke fargar og er godt synlege.

I Uskedalen vart det lenge planta og sett ut krukker på Rød, Steinsletto og i sentrum. Det vart for mykje arbeid med tilsyn og vatning. No vert det planta i sentrum.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Blomedekorasjonane i avskorne og farga bildekk tek seg fint ut på Eikelandet.